

NORCONSULT ASA
Vestfjordgaten 4
1338 SANDVIKA

Att.Oline Kleppe

Dato	19/06/2024
Vår referanse	2024/25265-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Heidi Handeland
E-post	Heidi.Handeland@vlfk.no
Telefon	48189525

Kulturminnefagleg vurdering - nytt flaumløp - dam Valldalen - Ullensvang kommune

Vi viser til dykkar epost 25.04.2024, samt øvrige kontakt vedrørende eventuelt behov for kulturminneundersøkingar i samband med detaljplan for nytt flaumløp i Valldalsdammen, Ullensvang kommune, seinast revidert arealbrukskart oversendt 09.06.2024.

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt. Vurderinga er basert på arealbrukskart datert 27.05.2024, oversendt 09.06.2024, opplysningar om kjende kulturminne i tiltaksområdet i kulturminnedatabase og registreringsrapportar, samt synfaring i området 12.06.2024.


Det er kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, ei kolgrop på Hauge datert til sein vikingtid-tidleg mellomalder (Askeladden-id 99983) og eit slep, ein eldre ferdslveg som var i bruk gjennom Valldalen (Askeladden-id 112795). Kolgropa er ca 4 m i ytre mål og tydeleg i terrengoverflata. Tilstanden er intakt sidan den vart registrert i 2006, kartmarkeringa i kulturminnedatabasen er korrigert då kulturminnet var markert litt langt nordaust. Korrigering av kartfestinga har ikkje praktisk betydning for tiltaket i dette tilfellet.

Slepet gjennom Valldalen gjekk mellom Bitdal og Austmannalia. I areal for R3A er det nyare fylling og slepet må dermed antakast å vere fjerna der. R2A og R2B lengst aust ligg i opparbeid areal. R3C kan råke sikringssona til det automatisk freda slepet ID 112795 slik denne er kartfesta i kulturminnedatabasen. Vurdert samla framstår bevaringsgraden av ferdslvegen som fragmentarisk i tiltaksområdet, og vi vurderer dermed at det ikkje er naudsynt å søke dispensasjon frå kulturminnelova §8,1. ledd for planlagte tiltak jf. arealbrukskart datert 27.05.2024 for automatisk freda slep ID 112795.

Aust for kolgropa på Hauge ligg Einungsstølen med fleire bygningar og steingardar i omgjevnaden. Stølen har ikkje formell verneverdi etter kulturminnelova, men er eit kulturmiljø med ein viss kulturhistorisk verdi. Slåttemarka rundt framtrer som ein autentisk del av omgjevnaden til stølen og til kolgropa. Ein del av desse areala er påverka av anleggsverksemd ved bygging av demningen i Hyttejuvet (Valldalsdammen). Vest for kolgropa på Hauge var det mellombels anleggsveg på 2000-talet. Det er potensiale for funn av hittil ukjende førreformatoriske kulturminne i området. Dei konkrete areala som råkast av planlagte tiltak vurderer vi imidlertid å ha begrensa funnpotensiale på grunnlag av tidlegare moderne inngrep. Det kan likevel ikkje utelukkast fullstendig at det finst automatisk freda kulturminne i området, og vi minner om at tiltakshavar har meldeplikt jf. kulturminnelova, jf. våre innspel til vilkår til detaljplan nedanfor.



Figur 1 Einungsstølen, kolgrop markert med raud pil.



Figur 2 Utsnitt frå arealbruksplan

Vi tilrår at mellombels riggområde R3B reduserast i tråd med kart i figur 3, og at areal for mellomlagring av massar mellom kolgropa og stølsbygningane takast ut. Vestland fylkeskommune vil merke opp den inngrepsfrie sona i terreng rundt kolgropa før anleggsarbeidet tek til. Vi ber om at tiltakshavar gir tilbakemelding i god tid og seinast 2 veker før oppstart av arbeidet, slik at oppmerking i terreng kan utførast.



Figur 3 Inngrepsfri sone rundt kolgrop og stølshus (blått polygon)

Vi tilrår at følgjande vilkår blir teke inn i detaljplan:

1. Vestland fylkeskommune skal varslast før anleggsstart for oppmerking i terreng av inngrepsfri sone rundt automatisk freda kolgrop ID 99983.
2. Areal for mellombels tiltak som ikkje er omfatta av gjeldande reguleringsplan tilbakeførast til dagens bruk etter ferdigstilling av tiltak.
3. Steingard aust for R3B må takast omsyn til slik at denne ikkje utsetjast for skade eller inngrep.
4. Dersom ein ved gjennomføring av arbeid støyter på funn av automatisk freda kulturminne, t.d. trekolkonsentrasjonar, konstruksjonar av stein, treverk, gjenstandar av metall, flint, bergart m.v. må Vestland fylkeskommune varslast snarast råd og arbeidet stansast i den utstrekning det kan skade funnstaden til rette kulturmiljøstyresmakt har undersøkt og frigitt funnstaden, jf. kulturminnelova §8,2. ledd.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at vi i dette brevet berre uttalar oss om tilhøvet til kulturminne, og at andre fag- og ansvarsområde i Vestland fylkeskommune kan ha merknader til detaljplan på høyring.

Vi gjer vidare merksam på at ovannemnde vurderingar føreset at tiltak er av mellombels art, og at areal som ikkje er regulert til parkering i gjeldande reguleringsplan blir tilbakeført. Dette er særleg viktig i omgjevnaden til kolgrop ID 99983 og Einungsstølen.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Heidi Handeland
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift